

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/20	18/8357

## Småbarnsavdeling Austebygd barnehage

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I budsjettet for 2018 er det sett av 3 000 000 til etablering av småbarnsavdeling med 9 plassar for born på 1-2 år i Austebygd barnehage. Rådmannen har i løpet av våren gjort ein del grunnlagsarbeid for å finna ei tenleg løysing på dette for barnehagen. Norconsult har vore inne for å koma med framlegg til løysing som kan gje desse småbarnsplassane.

Norconsult har gjort ein grov kalkyle på kostnadene knytt til utbygging og rehabilitering av eksisterande barnehage og gymbygg. I denne prosessen har det kome til fleire nye utfordringar. Det gjeld tilkomst til barnehagen og skulen, nye krav til arbeidsplassar for tilsette i skulebygg og nye krav til universell utforming som kjem i 2025. Mykje av dette er komplisert å kostnadsrekna og Norconsult har vanskar med å gjera dette av grunnar som rådmannen kjem attende til. Dei kostnadane som er grovt kalkulert som vi veit om i dag er:

Utbetring/ rehabilitering ny småbarnsavdeling 4 850 000.-

Etablering av uteområde utan leikeapparat 1 000 000.-

Leikeapparat 400 000.-

Kalkyle småbarnsavdelig 6 250 000.-

I tillegg må det gjerast ein del arbeid som må greiast vidare ut. Dette er:

Tilkomst til skulen og barnehagen.

Nye krav for universell utforming seier at vegen ikkje kan vera brattare enn 7% stigning. Norconsult ser ikkje ei god løysing på dette så langt, og vil ikkje gje priskalkyle på dette. Ein del av utfordringa er at om ein hevar delar av vegen, vil det medføra at tilkomsten til parkeringsplass vert sperra.

Lærarplassar

Når ein byggjer ut barnehagen med 9 småbarnsplassar medfører dette at det ein har auka behov for arbeidsplassar for tilsette. Dette er ikkje med i kostnadsramma for utbygginga av barnehagen.

Lærararbeidsplassane, både for tilsette i barnehage og skule, må inn i skulebygget. Skulle ein laga

dette i barnehagebygget, ville det koma for nær skulen og føra til nye brannkrav i skulebygget. Skal arbeidsplassane inn i skulebygget vil det føra til nye krav for utbetring og opprusting av skulebygget. Dette krev store investeringar av eksisterande bygg.

#### Skulen sitt uteområde

Skulen sitt uteområde må vidare oppjusterast og sjåast i samanheng med oppjustering av uteområdet for barnehagen. Det er ikkje teke høgde for kostnadar knytt til dette.

#### Universell utforming

I 2025 skal i tillegg alle offentlege bygg vera universelt utforma, slik at det er krav om heis og ramper på skulebygget. For Austebygd skule og barnehage vil det krevja omfattande ombyggingar som bør sjåast i samband med utbygginga av småbarnsavdelinga.

Rådmannen vurderer at denne saka er større enn bygging av småbarnsavdeling på Austebygd skule. Basert på Norconsult sine vurderingar av bygg, tilkomst og framtidige krav, krev dette prosjektet betydelege investeringar. Norconsult vil ikkje gje priskalkyle, då ein ikkje ser ei god løysing på tilkomsten til skulen og barnehagen.

Saka vert lagt fram til drøfting.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting.

#### **Formannskapet i Radøy - 040/2018**

##### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås understreka at konsulentelskapet Norconsult har kome med sine vurderingar og sitt utfordringsbilete knytt til utarbeidninga av detaljane i arbeidet med ny småbarnsavdeling. Norconsult har kome med tilbakemelding i form av ein skriftlege presentasjon, men det føreligg ikkje nokon eigen rapport frå selskapet.

Rådmannen har tidlegare gjeve formannskapet munnleg orientering om dei funn og innspel/kommentarar Norconsult har kome med. Norconsult meiner småbarnsavdelinga må sjåast i samanheng med dei store bygningsmessige utfordringane for skulebygget.

Kenneth Taule Murberg (H) understreka at partigruppene må gå grundig inn i denne problemstillinga og gjera sine prioriteringar sett opp mot andre tiltak og investeringar som ein ønskjer å gjennomføra. Anne Berit Bø Palmesen (SP) peika på at kommunen ikkje kan risikera ei så dyr utbygging at det ville vera billegare å få bygt eit nytt oppveksttu.

Vidar Grindheim (H) advara mot ei ukontrollerte kostnader som i neste omgang kan resultera i skulen må leggast ned.

##### **Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til vedtak:**

Formannskapet er uroa over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg. Formannskapet ber rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.

Formannskapet vedtok framlegg til vedtak sett fram i møtet.

**FS - vedtak:**

Formannskapet er uroa over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg. Formannskapet ber rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.